

Gaute Røsland  
Tveitavegen 12  
5282 Lonevåg

Til Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune  
[kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

## **Manglande evaluering frå Statens vegvesen Fv 567 Hosanger**

Eg er vorte kjend med at Kontrollutvalet har sak om manglande evaluering frå Statens vegvesen FV 567 Hosanger til handsaming.

Den 26.5.2016 sende eg eit utkast til brev til Statens vegvesen til entreprenøren Vassbakk & Stol AS. Dette har eg limt inn under i dette brev.

Eg var ikkje nøgd med handsaminga av matjorda på mitt bruk 89/15. Utkastet til brev førte til at entreprenøren fjerna noko meir stein og lova å kome med eit stort lass skikkeleg matjord. Eg valde difor å ikkje sende dette brevet til Statens vegvesen.

Først i 2018 fekk eg dette lasset, men det synt seg å vere mykje stein og massen likna mykje på gamal sjøbotnmasse; det same som entreprenøren hadde lagt som topplag. Entreprenøren la ikkje massen utover.

Av utkastet til brev til Statens vegvesen er og dokumentert det eg reknar med er ulovleg deponering av armert betong frå bru over Holeelva (i prosjektet kalla Hosanger bru) og fleire lastebillass med brukt asfalt.

Eg reknar med at desse opplysingane kan vere av interesse for Kontrollutvalet.

Venleg helsing Gaute Røsland

*Utkast til brev pr 26.5.2016, brevet vart ikkje send*

*Til Statens vegvesen*

*Kopi til Osterøy kommune  
Kopi til Vassbakk & Stol AS*

### **Varsel om brot på kontrakt på avtale i samband med at Statens vegvesen legg om fv 567 i Hosanger.**

*Saka gjeld brot på kontrakt punkt 3 a) om at disponert areal vert tilbakelevert i «vesentlig samme stand som det hadde før anleggsperioden».*

*Saka gjeld også mistanke om ulovleg deponering av armert betong frå bru over Holeelva og fleire lastebillass med brukt asfalt.*

*I samband med at entreprenøren ynskte og fekk høve til å deponere stein- og lausmassar for å heve eit areal med eng på nabobruket 89/5, sa eg at det var i orden at dei tilpassa nivået også på delar av mitt engstykke for å få eit samanhengande stykke med brukbart fall for overflatevatn.*

*Eg er kjend med at Statens vegvesen stiller strenge krav til entreprenørane de nyttar m.o.t. deponering av massar. Eg tok det som ein sjølvfølge at arealet vart levert tilbake i «vesentlig samme stand som det hadde før anleggsperioden».*

*Før anleggsperioden var dette fylldyrka jord som har vore pløgd med traktor og me veit at jorda vart grundig reinska for til og med småstein sist dette stykket vart lagt om.*

*Matjorda på dette stykket ligg no under deponerte massar. Eg stiller spørsmålsteiken ved om dette kan vere tillate?*

*I plassen har me fått for det meste gamal sjøbotn og tildels mykje leire som øvste lag. Øvst på stykket er blanda i noko matjord som kjem frå nabobruket der eg har fått vite at dei stilte som vilkår at matjorda vart gravd av først og seinare tilbakeført som topplag.*

*Det er mykje stein i dei tilførte toppmassane. Entreprenøren har plukka ut mykje stein, men framleis er det mykje stein innafor pløyejupne på 20-30 cm. I kveld fann eg og ein kamerat i løpet av ein liten time ca 50 stein på over 2-3 knyttnever storleik og mange av dei større innafor pløyedjupna. Nokre var så store at dei var vanskelege å få opp med spett og hakke. Og då har me sjekka berre ein liten prosent av arealet.*

*Entreprenøren har tidlegare i dag gitt uttrykk for at dei no er så godt som ferdige med arbeidet og at stykket er klar til såing. Eg har sagt at me vil ta hand om såinga sjølve. Og no er det på høg tid å få sådd.*

*Eg kan ikkje godta at arbeidet er ferdig før den vestlegaste halvdelan av arealet har fått tilført min 20 cm skikkeleg matjordlag og at alt er så godt som fritt for stein større enn 1-2 knyttnever i pløyedjupne.*

*Når det gjeld mogeleg ulovleg deponering av massar, tenkte eg først at dette var mellomlagring. Seinare har eg observert at desse er tildekte. Eg vil gjerne vite om dette verkeleg er ulovleg deponering/ brot på vegvesenet sine vilkår overfor entreprenørane og om eg då bør forlange dette fjerna.*

*Venleg helsing Gaute Røsland*